
Fra: Martin Scheid Eikeland <martin.s.eikeland@gmail.com>
Sendt: tirsdag 19. mars 2019 09:26
Til: Byggesak Lindås
Emne: Re: Midgardshøgda bustadsfelt

Kategorier: Videresendt

Hei,

Minnar om denne da eg enda ikkje har høyrte fra dykk.

På felles sameie/velforeningsleiar møte forrige veke var igjen rekkefølgekrava diskuterte for området.

Noke tilleggskommentarer frå foregåande e-post:

1. Veglys. Her er vegavdelinga ved Irene Wilhelmsen kobla på. Dialogen rundt dei, samt fordelingsnøklar for drift av vegar, lysmast etc. tek vi vidare med vegavdelinga.

Punkt frå REG-ID 1263-200906:

1.4 Terrenginngrep Skjeringar og fyllingar skal såast/beplantas. Veg4 mot KS3 etter avkjøring frå hovudveg har ein skråning som i dag kun er fylt med stein.

3.1.2 Fortau med håndrekkverk frå FV1 og ned i PK. Dette er ikkje etablert

3.2 Køyrevegar, FV1 er ikkje omtala i reguleringsplanen. Korleis skal denne driftast? Og kven vert definerte som brukare av vegen?

4.1 "Det skal leggjast vekt på .. vegetasjon,. Kan oppførast mindre bygningar.." Området er ikkje beplanta. Det er heller ikkje etablert mindre bygningar. Valet av ordet "kan" i rekkefølgekrava gjer at dette vært eit svakt punkt.

4.2.1 "Delar av grøntareal skal beplantast". Dette er ikkje gjennomført

4.2.3 "Skjeringar over 1,5 meter skal sikrast med gjerde." Det er fleire områder i feltet som ikkje er sikra. Bla. mellom nokre av husa i KS3.

4.4 Vegskjeringar "Skal jordslåast og beplantast på ein tiltalende måte." Det er ikkje gjort nokon beplanting.

Saknar også oppdatert reguleringsplan for eineboligane i øvre del av feltet. Kan denne sendast til meg?

På vegne av sameie og velforeningar på Midtgårdshøgda,

Mvh
Martin Eikeland

Den tor. 7. feb. 2019 kl. 09:29 skrev Byggesak Lindås <byggesak@lindas.kommune.no>:

Hei.

Vi viser til dykkar førespurnad om ferdigattest for Midtgardshøgda bustadfelt.

Kommunen opprettar no eigen sak som vert handsama av Byggesak. Når saka har fått eigen sakshandsamar, gis det tilbakemelding til dykk.

Med helsing

Tone Furustøl | rådgjevar byggesak

E-post: byggesak@lindas.kommune.no | Telefon: +47 56 37 50 00
Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: www.lindas.kommune.no



Ved ytterlegare spørsmål, ver venleg å ta kontakt med oss på kundesenteret

tysdag eller torsdag frå kl. 09.00 til kl. 15.00 (pause frå kl. 11.30-12.00), telefon 56 37 50 00.

Innsending av søknadar og annan dokumentasjon i saker skal sendast til postmottak@lindas.kommune.no

Fra: Planavdelingen Lindås
Sendt: onsdag 30. januar 2019 11:04
Til: Byggesak Lindås
Emne: VS: Midgardshøgda bustadfelt

Hei – så vidt eg kan se er dette en sak for byggesak og ikkje plan.

Marte Hagen Eriksrud | Arealplanleggjar

E-post: marte.hagen.eriksrud@lindas.kommune.no | Telefon: 56 37 56 37
Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: www.lindas.kommune.no



Fra: Martin Scheid Eikeland [mailto:martin.s.eikeland@gmail.com]
Sendt: tirsdag 29. januar 2019 17.31
Til: Planavdelingen Lindås
Emne: Midgardshøgda bustadsfelt

Hei,

Følger opp denne mailrekka fra 2017. Eg har tatt over som leiar av øvre midtgardshøgda velforening.

Slik eg forstår er veg og lys som dekker store delar av feltet midtgardshøgda endå ikkje overført fra utbyggar til kommune.

Korleis er rekkefølgekrava for slike områder regulert i planane?

Vi har i fleire omganger hatt utfordringer med veglysa hos oss. Noko av årsaken her skyldes nok måten lysa er tilknytta nettet på. Her er det knytta ein felles løysing mellom naustdalslia feltet, to private kloakkpumper samt lysa på midtgårdshøgda. Vegen som knytter dei to felta saman etter det eg forstår overtatt sv kommune.

Stiller spørsmål til om alt er gjort etter krava her, eksemplet Andreas tok tak i viser til at dette ikkje var tilfellet for leikeplassen.

Den vart etablert i etterkant av innsynsaka.

Ballplassen som det også vises til er fortsatt berre ein utjevna flate og ikkje ein ballplass slik dokumenta i saken indikerer.

Området har også utfordringer med manglende grøfter og utfordringer med drenering/kumme plassering.

Innstiller derfor til ein befaring frå kommunen på ferdigattest for området.

Med venleg helsing,

Martin Eikeland

----- Videresendt e-post -----

Fra: **Andreas Dyngen** <andreas@dyngen.net>

Dato: ons. 23. jan. 2019 kl. 11:18

Emne: Fwd: Midgardshøgda

Til: <martin.s.eikeland@gmail.com>

----- Forwarded message -----

From: **Byggesak Lindås** <byggesak@lindas.kommune.no>

Date: tor. 16. feb. 2017 kl. 12:30

Subject: SV: Midgardshøgda

To: Andreas Dyngen <andreas@dyngen.net>

Hei, og takk for din henvendelse.

Vi trenger en skriftlig redegjørelse fra deg. Denne kan sendes til postmottak@lindas.kommune.no alternativ til postadresse

Lindås kommune

Postmottak

[Kvernhusmyrane 20](#)

[5914](#) Isdalstø

Vi ber om at det refereres til saksnummer og eller gårds- og bruksnummer.

Mvh

Ingrid Pedersen

Lindås Kommune

Byggesak

Fra: Andreas Dyngen [mailto:Andreas@dyngen.net]

Sendt: onsdag 15. februar 2017 16.54

Til: Byggesak Lindås

Kopi: Christian Hagerup Reinshol

Emne: SV: Midgardshøgda

Hei,

Nå har jeg bedt om innsyn og fått det.

Hvordan kommer jeg med en tilbakemelding om at tiltaket overhode ikke er i samsvar med innsendt dokumentasjon slik at det blir tatt en kontroll på det.

Hilsen Andreas

Fra: Byggesak Lindås <byggesak@lindas.kommune.no>

Sendt: 14. februar 2017 13:46

Til: Andreas Dyngen

Kopi: Christian Hagerup Reinshol

Emne: SV: Midgardshøgda

Hei,

Eg har sett på førespurnaden din om opparbeiding av leikeplass.

Byggesak fekk 02.11.2011 inn søknad om opparbeiding av leikeplass innanfor FL2 og FL3 i planområdet

Det vart gjeve løyve 29.11.2011

Det vart 13.12.2011 søkt om ferdigattest for tiltaket og opplyst om at tiltaket var ferdigstilt iht. krav til opparbeiding.

Med bakgrunn i opplysningar gjeve i søknad om ferdigattest vart det gjeve ferdigattest den 21.12.11.

Dersom de ynskjer meir informasjon om kva som vart godkjent kan de sende førespurnad til postmottak@lindas.kommune.no og be om innsyn i sak 11/2249

Dersom tiltaket ikkje er opparbeidd i samsvar med innsendt dokumentasjon treng kommunen tilbakemelding på dette for å evt følge opp saka vidare ved evt tilsyn.

Med helsing Per Sveinar Morsund



Byggesak

Ved ytterlegare spørsmål, ver venleg å ta kontakt med byggesaksvakta som har ope

tysdag og torsdag frå kl. 09.00 til kl. 15.00 (pause frå kl. 11.30-12.00), telefon 56 37 51 00.

De kan eventuelt sende skriftleg spørsmål til epost: byggesak@lindas.kommune.no. Innsending av søknadar og annan dokumentasjon i saker skal sendast til postmottak@lindas.kommune.no

Fra: Andreas Dyngen [<mailto:Andreas@dyngen.net>]

Sendt: 2. februar 2017 09:10

Til: Christian Hagerup Reinshol; Byggesak Lindås

Kopi: Frøydis Ones

Emne: SV: Midgardshøgda

Hei,

Takk for et godt svar. Jeg venter i spenning på svar fra byggesak.

Hilsen Andreas

Fra: Christian Hagerup Reinshol <Christian.Reinshol@lindas.kommune.no>

Sendt: 25. januar 2017 14:38


Til: Andreas Dyngen; Byggesak Lindås

Kopi: Frøydis Ones

Emne: SV: Midgardshøgda

Hei Andreas,

Eg har sett litt på dette, og eg rekner med at leikeplassen du viser til er FL2 som er vist på områdeplankartet under her og flyfoto av situasjonen i 2015. Eg ser at FL3 som er runda av under også er knytt til KS3 som du bur i. Vidare har eg teke med utklipp av føresegnene som styrer utforming av leikeareala og rekkeføljekravet for opparbeiding.



7.2 Felles leikeareal - FL 1 - 3
Areala skal opparbeidast og leggjast til rette for leik og opphald etter planar som skal godkjennast av kommunen. Det skal leggjast vekt på miljømessige kvalitetar ved utforming, val av materialer, vegetasjon og lyssetting.

I områda kan det ikkje oppførast bygg utan i særlege høve der det berre gjeld mindre bygg med tilknytning til bruken av områda (f. eks. leikehus).

FL 1 er felles leikeareal, sandleikeplass / nærleikeplass for felt KS 1, KS 2, FS1, FS2 og FS 3.

~~Etter plan godkjent av kommunen.~~

FL 2 er felles leikeareal, kvartalsleikeplass for alle bustadfelta. Innanfor feltet skal det setjast av plass for ein ballplass på min. 20 x 30 m.

FL 3 er felles leikeareal, sandleikeplass / nærleikeplass for felt KS3, FS4, FS5 og FS6.

3.8.3 Gangvegar og felles leikeplassar skal opparbeidast samstundes med dei andre tekniske anlegga.

3.8.4 ~~Dersom det under gjennomføring~~

Etter det eg kan sjå, er det spesielt krav om ballplass for FL2, og det er i tillegg generelle krav til opparbeiding som skildra i starten av § 7.2. Rekkefølgekravet seier at leikeareala skal opparbeidast samstundes med dei andre tekniske anlegga.

Etter det eg kan sjå av flyfotoet (eg har ikkje vore ute og sett), så kan det sjå ut som at det er etablert ei sandkasse og ei større grusa flate som truleg skal fungere som ballbane innanfor FL2. Det kan også sjå ut til at FL3 er etablert med sandkasse og eit eller anna i tillegg, men her ser det heilt overgrodd ut.

Eg set byggesak på kopi her, slik at dei kan svare på om det er gitt ferdigattest for dette og om ein har vurdert rekkefølgekravet som oppfylt. Om kommunen har godkjent at det er tilfredsstillande oppført i henhold til planen, så er det truleg ikkje så mykje å gjere opp i mot utbyggar vil eg tru. Men akkurat dette trur eg byggesak må få svare på, i forhold til kva vurderingar som er gjort i byggesaka i høve det føresegna seier om første avsnittet i § 7.2 og det som er spesifikt knytt til FL2.

Håper dette var noko oppklarande og gi meg (og evt byggesak) ein lyd om det er meir du lurar på.

Venleg helsing

Christian Hagerup Reinshol

Arealplanleggar / Klimarådgjevar

Planavdelinga

Lindås kommune

Fra: Frøydis Ones
Sendt: onsdag 25. januar 2017 13.52
Til: Christian Hagerup Reinshol
Kopi: Andreas Dyngen
Emne: VS: Midgardshøgda

Hei Christian,

Kan du sjå på e-posten frå Andreas Dyngen under og svare han?

mvh

Frøydis

Fra: Andreas Dyngen [<mailto:Andreas@dyngen.net>]
Sendt: 25. januar 2017 13:49
Til: Frøydis Ones
Emne: Midgardshøgda

Hei,

Som jeg nevnte til deg så har vi en utfordring i midtgardshøgda, jeg bor i KS3, som er den sisten delen av området som er nå bygget. Jeg bor i gnr./bnr. 196/146

Vi som bor der lurer på hvem som er ansvarlig for bygging av lekeplasser og utområder.

Han som jeg har kjøpt hos, Nordhordland Utvikling sier at det har ikke han noe med. Da han bare har kjøpt tomter og bygget huset.

Tilstanden er ihvertfall i dag, at vi har to lyktestolper på en grusplass, og vi mangler lekeplassen vår.

Hvem er juridisk ansvarlig for at en plan blir utført slik den skal?

Hvem kan vi kontakte for å få arbeidet utført?

Kan du hjelpe meg litt videre her?

Hilsen Andreas